

Innst. S. nr. 77

(2000-2001)

Innstilling frå samferdselskomiteen om endring av løyvingar m.v. for 2000 på Samferdselsdepartementets område

St.prp. nr. 20 (2000-2001)

Til Stortinget

Samferdselsdepartementet legg i proposisjonen fram ein del saker under programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m., 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål og 21.50 Jernbaneformål.

1. ADMINISTRASJON M.M.

1.1 Samandrag

Kap. 1301 Forsking og utvikling m.v.

Post 21 Utgreiingar vedrørande miljø, trafikktryggleik m.v.

Det ser ut til å bli eit mindreforbruk på posten m.a. på grunn av eit lågare aktivitetsnivå enn opphavleg lagt opp til for 2000.

Samferdselsdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga på kap. 1301, post 21, med 1,9 mill. kroner frå 13,2 mill. kroner til 11,3 mill. kroner.

Reduksjonen vil dekkje auken av løyvingane på kap. 1314, post 01 og kap. 1354, post 01.

1.2 Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sigrun Eng, Eirin Faldet, Gard Folkvord, Sverre Myrli, Gunn Olsen og Ola Røtvei, fra Fremskrittspartiet, Thore Aksel Nistad og Christopher Stensaker, fra Kristelig Folkeparti, Rigmor Kofoed-Larsen og Jan Sahl, fra Høyre, Ellen Gjerpe Hansen og lederen Oddvard Nilssen, fra Senterpartiet, Jorunn Ringstad, fra Sosialistisk Venstreparti, Inge Myrvoll, og fra Venstre, May Britt Vihovde, slutter seg til den foreslåtte reduksjonen under post 21.

2. LUFTFARTSFORMÅL

2.1 Samandrag

Kap. 1314 Havarikommisjonen for sivil luftfart

Post 01 Driftsutgifter

Det blir gjort framlegg om å auke kap. 1314, post 01 Driftsutgifter, med 0,9 mill. kroner på grunn av auka utgifter til havariundersøkingar. Auken blir dekt ved reduksjon av kap. 1301, post 21.

Luftfartsverket - statsrekneskapen 1999

I statsrekneskapen for 1999 er det ført opp feil tal for Luftfartsverkets driftsresultat. Samferdselsdepartementet ber om samtykkje frå Stortinget til at den nemnde differansen blir korrigert i den sentrale statsrekneskapen over konto for forskyvingar i balansen.

Vidare blir det i proposisjonen orientert om avvik innafør omløpsmidlar under Luftfartsverkets balanse.

Aktivering av regionale lufthamner i Luftfartsverkets balanse

På grunnlag av vurderingar vil departementet leggje opp til at verdien av dei regionale lufthamnene framleis blir ført til kr 0,- i Luftfartsverkets balanse og at nødvendige korrigeringar blir omtalte i Luftfartsverkets rekneskap for 2000.

2.2 Merknader frå komiteen

Komiteen har merket seg at det er nødvendig å øke bevilgningen for havariundersøkinger.

Komiteen slutter seg derfor til den foreslåtte økningen på post 1.

Komiteen tar orienteringen om statsregnskapet for 1999 for Luftfartsverket og aktivering av regionale lufthamner i Luftfartsverkets balanse til etterretning, og slutter seg til forslag til vedtak.

3. VEGFORMÅL

3.1 Samandrag

Østfoldpakka - oppføring av bomstasjonar og førebua- ande arbeid

Stortinget samtykte ved behandlinga av St.prp. nr. 26 (1999-2000) i å starte innkrevjing av bompengar for delvis finansiering av utbygginga av E6 og E18 gjennom Østfold, jf. Innst. S. nr. 111 (1999-2000).

I tilknytning E6 skal det setjast opp tovegs bomstasjonar på E6 ved Akershus grense og på fv 311 ved Kambo. Moss kommune har utsett slutthandsaminga av reguleringsplanane for bomstasjonane til etter at Stortinget har handsama St.meld. nr. 46 (1999-2000) Nasjonal transportplan 2002-2011. Kommunen grunn- gir vedtaket med at kommunen ikkje kan vere vert for bomstasjonar utan at utbygging av jernbane og hamne- veg har fått ei tilfredsstillande og bindande framdrift som Moss by kan akseptere. Det vil såleis ikkje vere mogleg å starte arbeidet på bomstasjonane i 2000, slik det er lagt opp til i St.prp. nr. 1 (2000-2001).

Ei lengre utsetjing av utbygginga av E6 vil vere uheldig og i strid med viktige nasjonale interesser. Samferdselsdepartementet ser det som svært viktig at det raskt blir starta innkrevjing av bompengar for delvis finansiering av utbygginga av E6 gjennom Østfold. Departementet vil difor vurdere bruk av statleg plan for plassering av bomstasjonane knytte til E6.

På E18 skal det stå einvegs bomstasjonar ved kommunegrensa Askim/Eidsberg og vest for Fossum bru i Spydeberg kommune. Bompenggeinnkrevjing på E18 vil kunne starte våren 2001.

Lånebehovet i 2000 til oppføring av bomstasjonar på E18 og førebuaande arbeid på E18 Ørje-Eidsberg grense er om lag 12 mill. kroner. Dette er ei endring frå St.prp. nr. 1 (2000-2001), der det totalt er lagt til grunn eit låneopptak for heile Østfoldpakka i 2000 på 50 mill. kroner. Det vil difor vere behov for eit låneopptak til Østfoldpakka i 2001 på om lag 38 mill. kroner utover det lånebehovet som er oppgitt for 2001 i St.prp. nr. 1 (2000-2001).

Delvis bompengefinansiering av forsert kollektiv- utbygging i Oslo og Akershus (Oslopakke 2)

Det blir orientert om at innføring av auka takstar etter prinsippet i Oslopakke 2 ikkje vil kunne skje før 1. juli 2001, jf. at det ved handsaminga av St.prp. nr. 64 (1999-2000 Om delvis bompengefinansiering av forsert kollektivutbygging i Oslo og Akershus (Oslopakke 2), jf. Innst. S. nr. 239 (1999-2000), blei vedteke å innføre auka bompengesatsar i Oslo-området (2 kroner pr. enkeltbillett). I tillegg blei det lagt til grunn auka trafikantbetaling på kollektivtrafikken (0,75 kroner pr. reise).

Samferdselsdepartementet forstår, etter vedtak i Akershus fylkesting og Oslo bystyre, det slik at lokale styremakter vil avvente Stortinget si behandling av dei

økonomiske planrammene i St.meld. nr. 46 (1999-2000). Forpliktande vedtak blir gjort i dei årlege budsjetta. Det blir lagt opp til ei ny lokalpolitisk behandling om innføring av auka takst etter prinsippa med Oslopakke 2, etter at Stortinget har handsama St.meld. nr. 46 (1999-2000).

På denne bakgrunn har Vegdirektoratet opplyst at det tidlegast vil vere mogleg å innføre auka takstar etter prinsippet med Oslopakke 2 den 1. juli 2001. Samferdselsdepartementet meiner at det er uheldig at ikkje takstauken blir sett i verk før tidlegast 1. juli 2001. Dette vil svekke inntektsgrunnlaget for Oslopakke 2. Departementet vil også understreke at det er uvanleg at dei bindande lokale vedtaka ikkje ligg føre før etter at Stortinget har handsama saka, og at dette ikkje er normal prosedyre ved bompengeprojekt.

3.2 Merknader frå komiteen

Østfoldpakka

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Venstre, ser det som svært viktig at det snarest blir en avklaring slik at bomstasjonene kan bygges og at innkrevningen kan starte opp med sikte på en raskest mulig oppstart av utbyggingen på E6.

Flertallet viser for øvrig til behandlingen av Østfoldpakka i Innst. S. nr. 111 (1999-2000), hvor komiteens flertall medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet og Venstre, la til grunn en utbygging av dobbeltspor fra Sandbukta til ny Moss stasjon i fase 1, under forutsetning av lokale bidrag. Flertallet legger dette fortsatt til grunn.

Flertallet har merket seg at lånebehovet i 2001 til oppføring av bomstasjonene i Østfoldpakka, har økt med 38 mill. kroner utover det lånebehovet som er oppgitt i St.prp. nr. 1 (2000-2001).

Flertallet har ingen merknader til dette.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til sine merknader i Innst. S. nr. 111 (1999-2000) der disse medlemmer gikk imot bompenggeinnkrevning.

Komiteens medlemmer fra Høyre har merket seg at Samferdselsdepartementet vil vurdere statlig reguleringsplan ettersom manglende bommer vil undergrave økonomien i Østfoldpakka.

Disse medlemmer vil gå imot statlig reguleringsplan ettersom det fra Høyres side har vært en forutsetning for å støtte bompengeprojekter at det har vært bred lokalpolitisk oppslutning om prosjektene.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti viser til at Sosialistisk Venstreparti fremmet følgende forslag under behandling av Østfoldpakka:

- "1. Framlagte forslag forkastes.
2. Det oppmodes om at Østfold fylkeskommune vurderer en ny Østfoldpakke som inneholder følgende hovedelement:
- Vegutbygging og jernbane gjennomføres i en fase.
 - Utbygging av E6 og E18 samt sideveger finansieres i sin helhet gjennom brukerbetaling ved bompengainntekter.
 - Staten går inn med minst tilsvarende midler til jernbaneinvesteringer til utbygging av en moderne, dobbeltspora Østfoldbane, hvor også jernbaneutbygging til havner prioriteres."

Dette medlem vurderer at den vedtatte Østfoldpakke er en ren vegpakke som ikke vil være en løsning på de helhetlige transportforhold i fylket og regionen. Det er derfor ikke ønskelig at Østfoldpakka settes ut i livet i den vedtatte form.

Oslopakke 2

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Høyre, ser det som svært viktig at det snarest mulig blir gjort lokale vedtak slik at det innføres økte bompengetakster og økte takster på trafikantbetalingen i kollektivtrafikken i tråd med forutsetningen i St.prp. nr. 64 (1999-2000) og Innst. 239 (1999-2000).

Flertallet legger vesentlig vekt på at inntektsgrunnlaget for Oslopakke 2 ikke skal svekkes med ytterligere utsettelse av opplegget for trafikantbetalingen.

Flertallet viser til at dette kan bidra til forsinkelser i en svært påkrevet kollektivsatsning i hovedstadsregionen.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til sine merknader i Innst. S. nr. 239 (1999-2000) der disse medlemmer gikk imot Oslopakke 2.

Komiteens medlemmer fra Høyre konstaterer at Oslo bystyre og Akershus fylkeskommune som et element av Oslopakke 2 har fattet prinsippvedtak om å øke bomtakstene med 2 kr for bil og 75 øre for kollektivreisende.

Disse medlemmer har merket seg at Oslo og Akershus ikke vil starte denne innkrevingen før Stortinget har behandlet Nasjonal transportplan og statens

økonomiske bidrag er kjent, og at innkrevingen til Oslopakke 2 derfor tidligst kan starte 1. juli i 2001.

Komiteens medlem fra Sosialistisk Venstreparti viser til merknader i Innst. S. nr. 239 (1999-2000) hvor det pekes på at det er mange positive element i Oslopakke 2, men at den vil være utilstrekkelig for å løse regionens transportoppgaver, samt det å øke prisen på kollektivtrafikk vil være et negativt signal.

4. PROGRAMKATEGORI 21.50 JERNBANEFORMÅL

4.1 Samandrag

Kap. 1354 Statens jernbanetilsyn

Post 01 Driftsutgifter

Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga på kap. 1354, post 1 Driftsutgifter, med 1 mill. kroner i samband med oppfølging av tilrådingar frå den regjeringsoppnemnde granskingskommisjonen etter togulykka på Rørosbanen. Auken blir dekt ved reduksjon av kap. 1301, post 21.

Kap. 5611 Renter av lån til NSB BA med dotterselskap Post 80 Renter av lån til NSB BA

Rekneskapen for 2000 viser at betaling av renter til NSB BA er over 12 mill. kroner høgare enn budsjettet. Departementet gjer difor framlegg om å auke kap. 5611, post 80 Renter av lån til NSB BA, med 12 mill. kroner.

Post 81 Renter av lån til NSB Gardermobanen AS

NSB Gardermobanen AS er etablert med eit statslån på 1 118 mill. kroner. Lånet skal innfriast seinast 2. desember 2001.

Det blir gjort greie for oppretting av ein ny post for betaling av renter av lån frå NSB Gardermobanen AS og at rentene for 2000 er rekna til 73 mill. kroner.

4.2 Merknader frå komiteen

Kap. 1354 post 1

Komiteen slutter seg til bevilgningsposten.

Kap. 5611 postene 80 og 81

Komiteen slutter seg til bevilgningsposten.

5. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rå Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2000 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål:	Kroner
Utgifter:			
1301		Forsking og utvikling m.v.	
	21	Utgreiingar vedrørande miljø, trafikktryggleik m.v., blir redusert med frå kr 13 200 000 til kr 11 300 000	<u>1 900 000</u>
1314		Havarikommisjonen for sivil luftfart	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 9 600 000 til kr 10 500 000	<u>900 000</u>
1354		Statens jernbanetilsyn	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 11 740 000 til kr 12 740 000	<u>1 000 000</u>
Inntekter:			
5611		Renter til lån til NSB BA med dotterselskap	
	80	Renter av lån til NSB BA, blir auka med frå kr 124 000 000 til kr 136 000 000	<u>12 000 000</u>
	81(ny)	Renter av lån til NSB Gardermobanen AS, blir bevilga med	<u>73 000 000</u>

II

Stortinget samtykkjer i at:

Avviket i den sentrale statsrekneskapen pr. 31. desember 1999 på kap. 2450 Luftfartsverket, post 24 Driftsresultat, blir korrigert over konto for forskyvingar i balansen.

Oslo, i samferdselskomiteen, den 7. desember 2000

Oddvard Nilsen
leiar

Ola Røtvei
ordførar

May Britt Vihovde
sekretær